



Heimel

Fastsett av Høyanger kommunestyre 26. februar 2026, med heimel lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova § 14-1).

§ 1 Føremål og verkeområde

Forskrifta seier kva skule- og feriedagar elevane ved grunnskulane skal ha i skuleåret. Opplæringa skal strekkje seg over minst 38 skuleveker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker i skuleåret (jf. opplæringslova § 14-1).

Elevane har rett og plikt til å møte på skulen dei fastsette dagane.

§ 2 Skulerute

Månad	Talet på skuledagar	Ferie/fri/merknad
August	11	Planleggingsdagar torsdag 13. og fredag 14. august. Skular, SFO og barnehagar er stengde. Første skuledag er måndag 17. august.
September	21	Innarbeidd elevfri dag 25. september. SFO open for 1. – 4. trinn. Barnehagane opne.
Oktober	17	Hautferie 5. oktober til og med 9. oktober.
November	19	HAFS planleggingsdag 6. november. Skular, SFO og barnehagar stengde. Innarbeidd elevfri dag 27. november. SFO open for 1.-4. trinn. Barnehagar opne.
Desember	14	Siste skuledag før juleferie er fredag 18. desember. Juleferie frå 22. desember til og med fredag 1. januar.

Månad	Talet på skuledagar	Ferie/fri/merknad
Januar	19	Første skuledag etter juleferie er 4. januar. Felles planleggingsdag fredag 29. januar. Barnehagar, skular og SFO stengde.
Februar	15	Vinterferie 22. februar til og med 26. februar.
Mars	16	Innarbeidd elevfri dag 12. mars. SFO open for 1.-4. trinn. Barnehagar opne. Siste skuledag før påskeferie fredag 19. mars. Første skuledag etter påskeferie tysdag 30. mars.
April	21	Innarbeidd elevfri dag 16. april. SFO open for 1.-4. trinn. Barnehagar opne.
Mai	18	Offentleg høgtidsdag 1. mai. Kristi Himmelfartsdag 6. mai. Elevfri dag 7. mai, barnehagane har planleggingsdag. 2. pinsedag og 17. mai måndag. Skular, SFO og barnehagar er stengde på alle fridagar i mai.
Juni	14	Siste skuledag fredag 18. juni. Innarbeidd elevfri dag måndag 21. juni. SFO open for 1.-4. trinn. Barnehagar opne.
Elevfrie dagar	5	
Sum skuledagar	185	

§ 3 Innarbeidde elevfrie dagar

Dei fem elevfrie dagane blir innarbeidd gjennom skuleåret. Denne ordninga gjer til at skuleruta for Høyanger kommune har 185 dagar.

Tilbod om skulefritidsordning skal vere ope på dei innarbeidde elevfrie dagane.

§ 4 Samordning av datoar

Planleggingsdagar skal vere samordna mellom skular og barnehagar i kommunen.

§ 5 Iverksetjing

Forskrifta trer i kraft frå 1. august 2026.